



Frekhaug Bolig As  
Rosslandsvegen 368  
5918 FREKHAUG

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 23/200 - 23/39243

Saksbehandlar:  
Larissa Dahl  
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:  
23.05.2023

## Avvist søknad om etablering av ny bueining i bustad - gbnr 322/109 Mjåtveit

**Administrativt vedtak.**      **Saknr: 523/23**  
**Tiltakshavar:**              Hkh Bygg Og Eiendom As  
**Ansvarleg søkjar:**          Frekhaug Bolig As  
**Søknadstype:**                Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og  
   bygningslova (pbl) §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.

### VEDTAK:

**Med heimel i plan- og bygningslova § 21-2 jf. byggesaksforskrifta § 5-4 vert søknad om etablering av ny bueining i bustad avvist.  
Når søknaden er avvist vert byggesaka avslutta.  
Dersom du søker på nytt må du leggja ved fullstendig søknad i tråd med regelverket sine krav til dokumentasjon.**

### Tiltak

Det vert vist til søknad motteken 05.01.23.  
Saka gjeld søknad om etablering av ny bueining i bustad på gbnr 322/109 Mjåtveit.

### Planstatus

Eigedommen er uregulert og ligg i område avsatt til bustadføremaal i kommunedelplanen for Meland. Tiltaket omfattar ny bueining og krev dispensasjon frå plankravet jf. pkt.1.2 i KDP Meland.

### VURDERING:

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Dette gjeld mellom anna følgjande tilhøve:

1. Det må søkjast om dispensasjon frå plankravet, jf. føresegn 1.2.1.  
Dispensasjon må nabovarslast og grunngjevast.

Dispensasjon ble etterspurt i brev av 22.03.23, 6.02.23, 20.04.23 og 15.05.23.  
Tiltakshavar/Søkjjar nekter å søke dispensasjon frå plankrav og søker om fritak frå plankrav etter pkt. 2.1.1 a ved fortetting i område for bygg og anlegg.

Kommunen vurderer at søknaden ikkje er tilstrekkeleg opplyst til at vi kan ta han til handsaming.

Denne praksis er likt for alle saker i dette byggeområde ved etablering av ny bueining.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av ny søknad.

### **Regelverk**

Søknad om tiltak etter pbl må vere komplett før kommunen kan handsame den, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4, jf. pbl § 21-4.

Søknad om tiltak må vere tilstrekkeleg opplyst før kommunen kan handsame den, jf. SAK § 5-4, jf. pbl §§ 21-2, jf. 21-4.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Larissa Dahl  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Hkh Bygg Og Eiendom As

Mjåtveitstø 33A 5918

FREKHAUG

**Mottakarar:**

Frekhaug Bolig As

Rosslandsvege 5918  
n 368

FREKHAUG